



Navar Takst Og Eiendom As
Bustølvegen 40
5919 Frekhaug

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9209 - 22/83200

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
01.11.2022

Svar på søknad om utvidet bruk av avkjørsel - gbnr 315/19 Hopland

Tiltak:	Utvida bruk av avkøyrsløse for einebustad med utleigedel
Byggjestad:	Hoplandsvegen – Gbnr 315/19
Tiltakshavar:	Gawedzki Artur Sebastian
Ansvarleg søker:	Navar Takst og Eiendom AS

I samband med søknad om bruksendring frå fritidsbustad til bustad vert det søkt om utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse for 2 bueiningar - Gbnr 315/19 Hopland.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Tiltakshavar ynsker å nytte eksisterande avkøyrsløse som tilkomstveg til einebustad. Det er i søknad lagt ved situasjonsplan som viser avkøyrsløse sin siktsona på 4 x 45 meter. Det er, i søknad, opplyst om at det står ei knaus som bergensar sikt når ein står 4 meter inne i avkøyrsløse.

Vurdering/drøfting:

Det er oppført ei fritidsbustad på tomta. Det skal søkjast om bruksendring for denne. For å få bruksendring, skal det ligge føre avkøyringsløyve for einebustad.

Kommunal veg er etablert som ei eifeltsveg med to køyreretningar. Vegen har ikkje særskilt fartsgrense. Fartsgrense følgjer av Vegtrafikklova § 6. Krav til sikt i avkøyrsløse er minimum 4 x 45 meter. For å støtte krav til sikt må knaus som står i siktsona fjernast.

Situasjonsplan vedlagt søknad visar ikkje om eigedom stettar krav til parkering for 2 bueiningar, samt krav til snu areal. Dette må sendast inn saman med ferdigmelding (dokumentasjon på at sikt er utbetra) for avkøyrsløse.

Vedtak:

Alver kommune gjev med heimel i Veglova §§ 40 til 43 med tilhøyrande regelverk løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsel frå kommunal veg for einebustad på vilkår.

Løyvet er gjeve på vilkår:

- Avkøyrsløse skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkøyrsløse som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelege regler om bygging og vedlikehald av avkøyrsløse frå offentleg veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no

www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkøyrsla, sikt, svingradius, drenering under avkøyrsla og at ein skal kunne snu på eigen grunn.

- Siktsoner kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5 m over kommunalt vegnivå. Siktsoner skal, til ein kvar tid, haldast ved like av eigar/ brukarane av avkøyrsla.
Knaus som er i avkøyrsla sin siktzone (jf. opplysningar i søknad) må fjernast.
- Føresetnad for løyve er at det vert gitt bruksendring for fritidsbustad.
- Ferdigmelding:
Når avkøyrsla stettar tekniske krav skal det sendast inn ferdigmelding på utført utbetring av avkøyrsla. Med ferdigmeldinga skal det leggst ved dokumentasjon som viser at krav til sikt er stetta. Det skal også leverast inn situasjonsplan som viser at krav til parkering og snu areal på eigen grunn er stetta.

Søknadsplikt etter plan og bygningslova:

Vi gjer merksam på at utbetring av avkøyrsla kan være søknadspliktig tiltak etter plan og bygningslova. Føresetnad for løyve er at det ligg føre godkjenning, evt. fritak, etter plan og bygningslova.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl. § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkøyrsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Navar Takst Og Eiendom As

Bustølvegen 40

5919

Frekhaug